



Utval: Eldrerådet
Møtestad: Fitjar bu- og behandlingssenter, Fitjar rådhus
Dato: 08.06.2015
Tid: 10:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ellen Karoline Hovstad	Leiar	
Ove Raunholm	Nestleiar	
Thoralf Røen	Medlem	
Paul Lillenes	Medlem	

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Bente Ringheim Koløen	Medlem	

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
-------------	------------------	----------------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
-------------	-----------------

Ellen Karoline Hovstad
leiar

Marianne Ytrearne
Sekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 11/15	Godkjenning av protokoll	
PS 12/15	Ny kommunestruktur	
PS 13/15	Referat frå Eldrerådssamlinga på Stord 02.06.15	
PS 14/15	Referat - saker	
PS 15/15	Ymse	

PS 11/15 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak/tilråding:

Eldrerådet godkjenner protokoll frå møtet 16.02.15.

Behandling i Eldrerådet - 08.06.2015:

Eldrerådet godkjenner protokoll frå møtet 16.02.15.

Vedtak/tilråding:

Som framlegg.

PS 12/15 Ny kommunestruktur

Framlegg til vedtak/tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Behandling i Eldrerådet - 08.06.2015:

Me veit lite om framtida, men i utgangspunktet ynskjer me helst å vera eigen kommune. Me gleder oss over dei gode tilboda dei eldre har innan helse og omsorg og dette ynskjer me ikkje skal verta mindre.

Dersom me ikkje kan klara oss åleine, meiner me at konsekvensane for eldreomsorga, må utgreiast grundig.

Då ei eventuell kommunesamanslåing skal vera frivillig, er me ikkje framande for ei folkeavrøysting.

Vedtak/tilråding:

Som uttale frå Eldrerådet.

PS 13/15 Referat frå Eldrerådssamlinga på Stord 02.06.15

Framlegg til vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek referatet til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 08.06.2015:

Leiar refererte frå samlinga. Arrangementet følgde programmet som var oppsett, med representantar frå Etne, Kvinnherad, Bømlo, Stord og Fitjar.

Eldrerådet i Fitjar har ansvaret for å arrangera «Eldrerådssamlinga» i 2016.

Vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek saka til vitande.

PS 14/15 Referat - saker

Framlegg til vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek referatet til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 08.06.2015:

1. Ove Raunholm refererte frå mottakinga av kr. 5000,- frå Fitjar kraftlag, 11.05.15.
2. Thoralf Røen fortalde frå årsmøtet i Seniorsenteret 18.02.15. Nytt styre som alt har hatt fleire møte. Dei har fått kr. 14 000,- frå «Den kulturelle spaserstokken».
3. Møtet om «Den kulturelle spaserstokken» vart avlyst og utsett til seinare.
4. Møte i samband med «Friluftslivets år – 2015» 19. mars m.a. orientering om «Aktiv til 100»

Vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek saka til vitande.

PS 15/15 Ymse

Framlegg til vedtak/tilråding:

Behandling i Eldrerådet - 08.06.2015:

1. Besøk på Fitjar bu- og behandlingssenter:
Ellen Sandsmark tok imot Eldrerådet på kontoret sitt. Det blei snakka om forskjellige problemstillingar i omsorga på ein sjukeheim, som bemanning og tid for den einskilde bebuar.
Ei større grunnbemanning kan kanskje til ein viss grad, førebyggja ein del sjukemeldingar.
2. Eldrerådet fekk også sjå «Motitec»-sykkelen i bruk, denne er til god nytte og glede.
3. Eldrerådet fekk revidert budsjett i møtet og har ingen spesielle merknader til budsjettet.
4. Brev frå Fitjar Kraftlag om profilering som takk for sponsormidlar. Eldrerådet skal senda takkebrev.
5. Eldredagen er planlagt. Song og musikk er bestilt.
6. Eldrerådet er glad for at formannskapet har sagt nei til sundagsopne butikkar.
7. Eldrerådskonferansen i Hordaland blir arrangert 22. – 23. september 2015. Meir informasjon kjem seinare.
8. Arrangementet «Minnen Melodier» blir arrangert på Fitjar Kultur- og idrettsbygg 02.06.15, kl. 17.00.

9. Det må formidlast meir at det er fotterapeut i Fitjar.

10. Fitjar Kraftlag har gitt kr. 5000,- til eldredagen.

Vedtak/tilråding:

Saka blir tatt til vitande.